

# Styremøte Vikedal Bygdahus



## Møtoreferat

17.04.2024

Møtte: Johannes Holten Leifsen, Ina Helmers, Asle Øverland, Erlend Nesheim, Nils Erik Eide

Møtte ikkje: Håkon Bakkedal, Tone Helen H. Halleraker

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
01/24	Konstituering	<p>Leiar: Ina Helmers 1 år Skrivar: Nils Erik Eide 1 år Kasserar: Asle Øverland 1 år Styremedlem: Johannes Holten Leifsen 2 år Styremedlem: Erlend Nesheim 1 år Møtende varamedlem: Håkon Bakkedal 2 år Varamedlem: Tone Helen H. Haugland 1 år</p> <p>Leiar og kasserar har signaturrett.</p> <p>Asle får ansvar for å melde opp nytt styre til Brønnøysund, styremedlemmer sender inn personnummer på styret si Messenger gruppe.</p> <p><b>Vedtak:</b> Styret vedtar nytt konstituert styre.</p>	Asle Styret
02/24	Ny modell for vedlikehald og bestilling av hus	<p>Reidar og Kari Espevoll, som har hatt ansvar for booking og vedlikehald i mange år ønskjer å trekkje seg og gi ansvaret for dette til nokon andre. Styret set veldig pris på den jobben dei har gjort og vil takka dei for det.</p> <p>Det er kome inn forslag frå Lilly N. Hundseid og Gro Anett Espevoll at dei kan ta på seg ansvaret for booking, innkjøp og vask. Dei ser for seg å ta booking og innkjøp på dugnad og dersom det trengs vask så skriv dei timar på det. Nils Erik følger opp.</p> <p>Når det gjeld vedlikehald så kom det inn forslag om å spør Arild Austrheim, som snart er pensjonist. Asle følger opp dette.</p> <p>Når det gjeld platene i taket i hallen så kan kanskje me høyre med Sigve Tveit om han kan ta på seg dette ansvaret på dugnad. Johannes snakkar med han.</p>	Nils Erik Asle Johannes

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
		<p>Eit alternativ kan vera å strekke opp not. Asle snakkar med Bryn Rønnevik om dei kan sponse dette.</p> <p>Styret kan kanskje søkje sponsormidlar til dette frå Equinor, MOWI - andre? Styret undersøker vidare om dette er mogleg.</p>	<p>Asle</p> <p>Styret</p>
03/24	Reforhandling av leigeavtalar med kommunen og idrettslaget	<p>Årsmøtevedtak: <i>Årsmøtet ber styret reforhandlar leigeavtalar med Vindafjord kommune og Vindafjord Idrettslag om leiga. Denne har ikkje vore justert sidan 2011.</i></p> <p>Nils Erik sjekkar kor langt tilbake i tid ein kan indeksregulere          Dei nye avtalane må gjelde frå nyttår av. Nils Erik kan ikkje vera med på forhandlingar med kommunen grunna arbeidsforhold.</p> <p>Måten å gjera dette på er at styret skriv eit brev til kommunen og idrettslaget der ein ber om reforhandling, gjerne med forslag til ny leigepris på avtale og kor mange år. Ber om møte og går i forhandling om nye avtalar.</p> <p>Moment å ta med er om VIL skal utvide frå fire til fem dagar då dei nyttar hallen fredagar også – og har i tillegg turneringar i helgene.          Børe me utvide til tre dagar med kommunen også? Dette blir sak på neste styremøte, der ein plan for dette blir lagt.</p>	<p>Nils Erik</p> <p>Styret</p>
04/24	Nedvask av huset	<p>Årsmøtevedtak: <i>Årsmøtet gir styret fullmakt til å arrangera ein dugnad for nedvask av huset og anna til våren.</i></p> <p>Styret ønskjer å få til ein dugnadsgjen allereie neste veke, Johannes tek ein ringerunde til følgjande pensjonistar:  <i>Øyvind og Tordis Bakkedal, Ingvald og Inger Karin Nybru, Albert og Else Selland, Berge Kjell og Bjørg Gunn Opsal</i></p> <p>Denne engasjerte gjengen er ein ressurs og kan sikkert ta i eit tak for huset i ny og ne. Det er også andre engasjerte pensjonistar utanom denne gjengen, som også kan nyttast.</p>	Johannes
05/24	Utleige bygdahuset og hallen	<p>Prisar må justerast, det er lenge sidan desse er sett på.  <a href="#">Dei ligg på heimesida.</a></p> <p>Styret må jobbe med å få på plass ulike pakkar som me kan markedsføre slik som ferdig oppdekka konfirmasjon, bryllup, dåp og runde dagar feks. Kanskje tilby med mat og anna?</p> <p>Det blei diskutert om det skal gå an å låne hallen til aktivitet privat, då kan ein feks leggje opp til at dei som låner Vipser bygdahuset ein viss sum per time. Dette må</p>	<p>Styret</p> <p>Ina</p> <p>Styret</p>

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
		styret sjå vidare på. Det er også viktig å sjekke dette med forsikring og slikt ved utleige på denne måten.	
06/24	Fasaden på hallen	Vigleik Bakkedal og Geir Sigve er i gruppa som skal sjå på alternativer i forhold til veggene på idrettshallen. Dei vil bli invitert inn til eit styremøte med det første for å informere styret om ulike alternativ og planar vidare.	
07/24	Markedsføring, heimesida og Facebook	Styret ønskjer å ha heimesida <a href="http://www.vikedal-bygdahus.no">www.vikedal-bygdahus.no</a> der viktig informasjon om utleige og anna skal ligge. Det er også ønske om kalender her, noko som allereie finnes. Nils Erik sjekkar opp om domenet kan flyttast over til one.com med Leif Kåre H. Sigmundstad.  Det finnes to Facebook sider, ei for idrettshall og ei for huset. Styret ønskjer å slå dei saman, dette sjekkar Nils Erik opp i.  Framover blir det viktig med positive nyheitsdrypp på desse sidene for å få bygdefolket engasjert i det flotte huset vårt.	Nils Erik  Nils Erik  Ina Nils Erik
08/24	Fornyng av sponsoravtalar i hallen	Det er på tide å fornye sponsoravtalane som heng med skilt på bygdahuset si side i idrettshallen.  Asle og Johannes ringer til dei som har skilt og ber om fornyng av avtalane. Ein ide er å høyre om bygdahuset kan få sponsa dagspass til Rootsens som me kan tilby dei som kjøper sponsoravtale med oss.	Asle Johannes
09/24	Sommarfestival på «gamle måten»?	Årsmøtevedtak: <i>Styret tek dette opp på eige møte med båtforeninga og pubkomiteén med det første for å sjå på moglegheita for at det kanskje kan arrangerast allereie no til sommaren.</i>  Det er ønske om å arrangera Sommarfestival igjen på «gamle» måten, med fiskefestival og marked i havna og pubkveld på bygdahuset om kvelden.  Styret er positive til dette og vil ta kontakt med båtforeninga om lørdag 6. juli kan vera ein ok dato, Asle tek kontakt.  Når det er avklart får pubkomiteén vår beskjed om å planleggja pubkvelden og båtforeninga tek ansvar for dagarrangementet i havna.	Asle
10/24	Ymse	Styret må avtala å møtast med det første og har ein gjennomgang av alt som treng oppgradering på huset og så laga ein prioriteringsplan for arbeidet.	Ina
11/24	Saker til neste møte	<ul style="list-style-type: none"> <li>Budsjett 2024, årsmøtevedtak: <i>Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeida budsjett for 2024 på dei første styremøta etter årsmøtet. Så snart som mogleg skal budsjettet sendast til medlemslaga på e-post til godkjenning.</i></li> <li>Detaljplan for reforhandling av leigeavtalar med kommune og idrettslag</li> </ul>	

<b>Sak</b>	<b>Agenda</b>	<b>Referat</b>	<b>Ansvar</b>
		<ul style="list-style-type: none"><li>• Fasadegruppa orienterer styret om status og vidare plan</li><li>• Ombygging av inngangsparti idrettshall</li><li>• Innkjøp av bord og stolar</li><li>• Ombygging av inngangsparti idrettshall</li><li>• Ombygging av baren</li><li>• Kjøkken – ny industritopp og eventuelt moglegheit for kiosksal på kampar</li><li>• Defekt dør i hallen</li></ul> <p>Jubileumsfest hausten 2024 (25 år)</p>	

19.04.24

Nils Erik Eide, ref